



Nissedal kommune

Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

| Dykkar ref. | Vår ref. | Sakshandsamar: | Arkivkode: | Dato: |
|-------------|------------|---|------------|------------|
| «REF» | 2018/959-8 | Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no | 033 | 05.12.2018 |

Referat frå møte i SMU - 26.11.18

Desse møtte: Reidun Carol Retterholt, Frida Brække, Marit Madsen, Carina Olsen, Bjarne Reime, Marjan Wouts, Lars Brynjulv Nordbø, Hildegunn Rønningen, Julianne Homme og Bjørn Leirvik.

Reidun ynskte velkomen og leia møtet.

Saksliste SMU:

- Skulemiljøet – status
Reidun lét elevrepresentantane svare fritt på spørsmål om korleis dei hadde det. Alle tre refererte til god trivsel. Rektor kunne vidare fortelje at i brukarundersøkingane seier svært mange foreldre og elevar at elevane har det bra. Ca 50% av foreldra har svart til no. Stor auke i svarprosent frå tidlegare. Svarprosenten bør vere 70-80% for at undersøkinga skal vere representativ. Elevrepresentant spør kva vi gjer når nokon svarer at dei vert mobba. Reidun seier litt om kva skulen konkret kan gjere.
- Oppsummering sosiogram
Reidun refererte til ulike måtar å kartleggje på i dei ulike elevgruppene, kven er saman med kven, og kven snakkar med kven... Elevsamtalane vart trekte fram som ein viktig reiskap. Rektor følgjer med i kvar klasse, og drøftar med lærarane. Kontaktlærarane har referert registreringar til ho i alle klasser. Elevrepresentantar seier at når dei fyller ut sosiogram refererer elevane svara for kvarandre, men seier samtidig at det kan endre seg fleire gonger i året kven dei er saman med. Reidun konkluderer med at det er lurt å bruke andre infokanalar enn et klassiske "utfyllingssosiogram", å nytte berre desse kan vere uheldig.
- Informasjon om brukarundersøkingane
Alle svar vert handsama anonymt. 7. og 10. klasse svarar kvart år, det er obligatorisk frå Utdanningsdirektoratet. Hos oss har vi med alle (5.-10. klasse) kvart år. I år er alle med. Mogleg for foreldra å svare enda, også etter vår frist. Nokre av spørsmåla til elevar og foreldre er like, andre sjølvsagt ulike. Lærarar deltek også. Tidlegare har det vore tøysesvar frå nokre elevgrupper. Fleire uttrykker at sjølv om elevsamtalar og foreldresamtalar er gode forum for å take opp vanskelege ting, er det godt om elevar har ein skriftleg, meir anonym moglegheit.
- Operasjon Dagsverk v/ FAU-leiar (sjå vedlegg).
I brev frå organisasjonen vert det poengtert at "Operasjon Dagsverk" er eit beskytta varemerke. Dette må vi take omsyn til i vårt val av namn/tema. Reidun er heilt samd i at det var feil å nytte namnet "Operasjon Dagsverk" om vår aksjon. Men ho presiserer at

dei ikkje kan hindre oss i å velje ein bestemt dato for gjennomføringa av aksjonen vår. Men både Reidun og andre representantar seier det kanskje likevel vil vere lurt å velje annan dato.

Vidare reiser FAU-leiar spørsmålet om kven som skal velje skulen sitt prosjekt, elevråd og FAU saman? Skal elevrådet avgjere det aleine? Etter meiningsutveksling heller vi til at dette er ei sak elevrådet kan avgjere aleine. Mellomstegsrepresentant lurar på dette kanskje kan vere ei sak for heile elevrådet, ikkje berre for ungdomstegsrepresentantane. Vidare vart det poengtert at det kan vere eit poeng å ha dagen tidlegare enn 1. nov.

Carina avklarte spørsmål om arbeidslivsfag.

- Eventuelt

Under eventuelt vert det stilt fleire spørsmål.

- Ynskje frå elevrepresentant om frokostmåltid, varm graut. Det vert trekt fram at mange elevar frå grendene reiser tidleg heimafrå. Kommunen sin representant synest idéen er god, men at den også har ei økonomisk side. Prosjektmidlar til løn ei viss tid? Dialog om kor viktig måltida er/ikkje er...
- Elevrepresentant lurar på kvifor dei ikkje må bade med badehette slike ein må på andre skular. Hos oss skal det nyttast strikk. Symjelærarane bør få ei ekstra oppmoding om å handheve dette.
- Elevrepresentant minner om spørsmål i siste møte.
 - a. Knaggjar i klasseroma. Dei er bestilte, og er undervegs, poengterer Reidun.
 - b. Spørsmål om nytt gras i ballbingen er sendt vidare til teknisk.
 - c. Mobilar i starten av skuledagen.

Reidun fortel om bakgrunnen for ordninga, og kvifor ho gjerne vil ha føre den vidare i noverande form, meir fysisk aktive elevar i friminutta m.a.

Her ruller debatten vidare, kven har ansvar viss dyre telefoner vert øydelagde i samband med innsamling/utlevering, lærarar som i siste lita kjem på å hente telefonane ved slutten av skuledagen... Rektor presiserer at skulen/lærarar ikkje har økonomisk ansvar for telefonar som vert øydelagde ved eit uhell.

Lærarrepresentant etterlyser låsbare skap/skuffar på klasseroma til mobiltelefonane. Betre boksar for oppbevaring er tinga.
- Referat frå siste elevråd vart etterlyst av FAU-leiar.
- Elevrepresentantar klagar på stikkande tornebuskar.

Møtet heva ca. 17.30

Med helsing

Reidun Carol Retterholt
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.